



Arkivnr: 2014/10495-4

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016 - Forslag til prosjektplan

Bakgrunn

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 39/13 i møte 18.12.13:

1. Kontrollutvalet vil i første halvår 2014 gjennomføre ei evaluering av dei gjeldande planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for perioden 2012 – 2016.
2. Deloitte vert beden om å utarbeida forslag til ein prosjektplan for gjennomføring av ei slik evaluering, i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Prosjektplanen skal leverast sekretariatet innan 20.1.2014 og skal handsamast i møte i kontrollutvalet 10.2.2014.

I saksframlegget til møte 18.12.13 stod det m.a. dette:

«Det vil vera hensiktsmessig og kostnadssparande å sjå arbeidet med evaluering av begge planane under eitt. Dersom ein skal dela dette arbeidet opp i eit prosjekt for å evaluera prosjekt innan forvaltningsrevisjon, og eit prosjekt for å evaluera prosjekt innan selskapskontroll, vil det truleg føra til meir ressursbruk.»

Drøfting:

Med utgangspunkt i det som går fram over har Deloitte levert forslag til prosjektplan for rullering av plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll. Det er sett opp anna sak om plan for selskapskontroll i dette møtet, men prosjektplanen følgjer som vedlegg berre til denne saka.

Det går m.a. fram dette av prosjektplanen:

«Det er eit krav om at plan for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse:

”Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektor og virksomheter.”

For å sikre at plan for forvaltningsrevisjon og speglar dei mest vesentlege risikoområda i forvaltninga og vil revisjonen gjennomføre ei undersøking for å avdekkje eventuelle endringar i risikobilete.»

Konklusjon:

Sekretariatet meiner at prosjektplanen er godt gjennomarbeidd og dekkande for korleis dette arbeidet kan gjerast på ein god måte. Når det gjeld timetalet vil sekretariatet tilrå at det vert godkjend slik det ligg føre.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller rullering av plan for forvaltningsrevisjon, frå Deloitte AS. Arbeidet skal samordnast med rullering av plan for selskapskontroll og skal gjennomførast med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 01.03.2014. Kontrollutvalsleiar, i samråd med sekretariatet, får fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den føreslåtte prosjektplanen.
4. Kontrollutvalet ønskjer at prosessmøte i samband med dette arbeidet skal gjennomførast i møte 24.03.2014.
5. Kontrollutvalet sine medlemmar vert bedne om å tenkje i gjennom til dette møtet, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i fylkeskommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrågjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Forslag til prosjektplan «Rullering av plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll» frå Deloitte